

Norwegian Unix User Group

Referat styremøte 2007-05-07, 17:00 - 18:00, UiO/USIT

Styremedlemmer: Petter Reinholdtsen, Håvard Fosseng, Ole Kristian Lien
Jon Petter Bjerke, Peter N. M. Hansteen (skype)
Varamedlemmer: Gaute Nessan
Fråver: Runar Ingebrigtsen

SAKLISTE:

2007-32: Godkjenning av referat 2007-03-22

Godkjent med endringar per e-post

2007-33: Opptak og endring av medlemmer

Styret godkjende dei nye medlemmene og tok utmeldingane til etterretning. Vi tek opp på årsmøtet om namna på dei som melder seg inn skal referatførast, og dermed offentleggjerast.

ORIENTERINGAR

2007-34: Mottatt post, postliste

Postlista er ikkje ført, og vart såleis heller ikkje lagt fram.

2007-35: Økonomistatus

Inkje nytt under sola. Har fått rekning frå DnD-sekretariatet for årsmøteutsendinga og dei 9 dagane i mars dei var sekretariat.

2007-36: NUUG-besøk på The Gathering

Ikkje noko foredrag, men var til stades med banner. Mange interesserte innom. Ingen brosjyrer pusha.

2007-37: NUUG samarbeidspartner til Linuxdagen 2007

Håvard og Ole Kristian har vore på dagen, Petter rakk det ikkje.

OPPFØLGING AV TIDLIGERE SAKER

2007-38: Framtidige sekretariat- og regnskapstjenester

Petter vil ha fakturering per påbyrja kvarter, og gjerne maskinlesbare rapportar per måned. Uavklart om, og i så fall kor mykje. Lodo skal vere sekretariat. Vi treng om lag 10 ekstra nummer av ;login: per gong for å ha noko å sende til nyinnmelde medlemmer. Vi treng å samanlikne adressene til Usenix med dei vi eksporterer. Ole Kristian splittar PDF med innkomen post. (RT #417; filene skal til <URL:fish://nerdhaven.nuug.no/home/httpd/nuug-arkiv/2007>)

VEDTAKSSAKER

2007-39: Innmelding i ODF-alliansen

Innmeldinga er allerede vedteken etter e-post-runde. Vi må avklare kven som skal vere e-post-kontakt.

2007-40: Partnerskap med JavaBin om JavaZone?

Ikkje noko nytt frå Peter. Ved ei misforståing vart formelt svar ikkje sendt før nyleg, og vi har ikkje fått svar på forespurnaden om meir informasjon. Petter har vore innom to siste JavaZone som NUUG-leiar. Vi må vite kva vi eventuelt forpliktar oss til før vi seier ja eller nei.


EVENTUELT

2007-41: Innkalling til stiftingsmøte i Frikanal


Vi har fått innkalling til stiftingsmøte i Frikanal. Vi har ikkje fått svar på spørsmål om kvifor ei ny foreining skal opprettast, når Åpen kanal allereie finst.

2007-42: IP-telefoni


Inkje skjedd med Asterisk-maskinen. Vi må først få opp SIP og konferansesystem så vi kan klare oss utan Skype. Til konferanse treng vi ein indikator på kven som er med (det har hendt at folk har falle ut av Skype).



Petter Reinholdtsen



Peter N. M. Hansteen



Jon Petter Bjerke



Håvard Fosberg

Ole Kristian Lien